

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2021

Sigrid Brattabø Handegard (SP) sette på vegner av A, SP, SV og R fram slikt forslag:

«Alternativ:

- a) 1. Vestland fylkesting er svært uroa over kraftsituasjonen og dei høge straumprisane i vårt prisområde. Avbøtande tiltak som auka bustøtte, redusert elavgift, direkte støtte, studentstøtte og reduksjon av straumpris til forbrukarane er viktige tiltak. Fylkestinget har tillit til at regjering og storting fylgjer situasjonen tett framover og tar naudsynte tiltak både overfor menneskje med låg inntekt og for næringsliv for å sikre stabil og rimeleg kraftpris i vår grøne region. Fylkestinget vil også peike på konsekvensen høge straumprisar har for lag og organisasjonar og offentleg drift.
- b) 2. Vestland fylkesting vil understerke viktigheita av bærekraftig fyllingsgrad i våre vassmagasin for å sikra forsyningstryggleiken til folk og næringsliv.
- c) 3. Tilgang på rein og rimeleg kraft er eit konkurransesfortrinn Norge må ivareta. Fylkestinget imøteser difor at det vert sett ned ein Energikommisjon slik Ap/Sp regjeringa har varsle i Hurdalsplattforma. Kommisjonen må også sjå på korleis norsk krafteksport påverkar norsk forsyningstryggleik og norske straumprisar.»

Avrøysting

Det var 61 representantar til stades

Handegard sitt forslag (a) vart samråystes vedteke.

Handegard sitt forslag (b) vart vedteke mot 14 røyster (11H (Christer Lilleskare Olsen, Noralv Distad, Dan Femoen, Silja Ekeland Bjørkly, Gunnar Moland, Karl Vågstøl, Iril Kirstine Schau Johansen,

Hanne Eva Husebø Kristensen, Tore Fossen, Sonja Merethe Øvre-Flo, Lise-May Sæle), 1MDG (Pauline Tomren), PP, 1KRF (Tor André Ljosland)).

Handegard sitt forslag (c) vart vedteke mot 23 røyster (H, MDG, PP, V, KRF)

Vedtak

1. Vestland fylkesting er svært uroa over kraftsituasjonen og dei høge straumprisane i vårt prisområde. Avbøtande tiltak som auka bustøtte, redusert elavgift, direkte støtte, studentstøtte og reduksjon av straumpris til forbrukarane er viktige tiltak. Fylkestinget har tillit til at regjering og storting fylgjer situasjonen tett framover og tar naudsynte tiltak både overfor menneskje med låg inntekt og for næringsliv for å sikre stabil og rimeleg kraftpris i vår grøne region. Fylkestinget vil også peike på konsekvensen høge straumprisar har for lag og organisasjonar og offentleg drift.

2. Vestland fylkesting vil understerke viktigheita av bærekraftig fyllingsgrad i våre vassmagasin for å sikra forsyningstryggleiken til folk og næringsliv.

3. Tilgang på rein og rimeleg kraft er eit konkurransesfortrinn Norge må ivareta. Fylkestinget imøteser difor at det vert sett ned ein Energikommisjon slik Ap/Sp regjeringa har varsle i Hurdalsplattforma. Kommisjonen må også sjå på korleis norsk krafteksport påverkar norsk forsyningstryggleik og norske straumprisar.